



Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker			
Fullstendig navn/firma Sognekraft AS		Organisasjonsnummer 916 069 634	
Postadresse Rulsen 1		Postnummer 6893	Sted Vik i Sogn
Land Norge		Hjemmeside www.sognekraft.no	
Telefonnummer 57 69 86 00	Mobiltelefon	E-postadresse post@sognekraft.no	

2. Opplysninger om området		
Navn på uttaksområdet/uttaket Grindsdalen	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer 5/2	Kommune Leikanger
Størrelse på omsøkt areal (daa) 2,1	Anslag totalvolum uttak (m ³) 11 000	Forventet årlig uttak (m ³) 11 000

3. Opplysninger om forekomsten			
3.1.	Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten?	Grunneiers mineraler	<input checked="" type="checkbox"/>
		Statens mineraler	<input type="checkbox"/>
3.2.	Drives det på forekomsten i dag?	Ja <input type="radio"/>	Nei <input checked="" type="radio"/>
3.3.	Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet): Diorittisk til granittisk gneis, skal nyttast til oppfylling av tomt for Grindsdalen transformatorstasjon samt bygging av ein rasvoll tilknytta denne.		



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel LNF

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja Nei

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: _____

Vedtaksdato: _____

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja Nei

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel

- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Avtale med grunneigar vert ettersendt.

Vedlegg:

- Kart med målestokk 1:1000
- Driftsplan
- Adresseliste over næraste naboar
- Beskriving av kompetansen til Pettersen Anlegg AS
- Dokumentasjon på betalt handsamingsgebyr

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.

7. Underskrift


Sted og dato

27/1-16

Underskrift

Harald Stadler

Grindsdalen transformatorstasjon Driftsplan for masseuttak



1. Innholdsliste

1. Beskriving av tiltaket	3
1.1. Bakgrunn	3
1.2. Plassering og tilkomstforhold	3
1.3. Grunneigar	4
1.4. Driftsansvarleg	4
1.5. Bergteknisk ansvarleg	4
1.6. Type uttak – uttaksmengde – fjellkvalitet	5
1.7. Godkjent løyve etter plan og bygningslova med bestemningar	5
1.8. Avtalar og rettar	5
1.9. Driftsmetode	5
2. Uttakskart og tverrsnittprofilar	6
3. Økonomisk sikring	6
4. Avslutningsplan	6

Vedlegg

- Uttakskart og tverrprofilar


1. Beskriving av tiltaket

1.1. Bakgrunn


Massane frå dette uttaket skal nyttast til opparbeiding av byggetomt og rasvoll for ny 132/22 kV transformatorstasjon i Grindsdalen. Det er ikkje tidlegare noko masseuttak på denne staden. Parallelt med denne søknaden har Sognekraft søkt Leikanger kommune om tiltaket. Tiltaket skal opp til behandling i Leikanger kommunestyre 26.05. Driftsplanen følgjer søknad om driftskonsesjon til behandling hjå Direktoratet for mineralforvaltning.

1.2. Plassering og tilkomstforhold

Masseuttaket ligg ca 3 km frå riksveg 55 oppe i Grindsdalen i Leikanger kommune, sjå figur 1 og figur 2 under.



Figur 1 Geografisk orientering Grindsdalen



Figur 2 Orientering masseuttak Grindsdalen

Området omfattar nytt uttak med samla areal på tilsaman ca 2 dekar. Bergknausen som er planlagt som masseuttak er i dag til dels skogkledd og til dels synleg fjell, sjå bildet under. Det er ikkje behov for å bygge nye vegar i samband med tiltaket. Eksisterande vegar knyter saman masseuttaket og området der massane skal leggjast ut (transformatorstasjonen). Planlagt masseuttak vil ikkje vere synleg frå riksveg 55, eller nærmaste bebyggelse som ligg lenger ca 1,7 km lenger ned i Grindsdalen.



1.3. Grunneigar

Grunnen til masseuttaket er eigd av Jan Ole Liljedal (gnr.5/bnr.2).

1.4. Driftsansvarleg

Ansvarleg drivar av masseuttaket vert Pettersen Anlegg AS.

1.5. Bergteknisk ansvarleg

Arne Pettersen - Kvam, 6856 Sogndal, f. 1957, vert bergteknisk ansvarleg ved drift av masseuttaket.

Bergteknisk ansvarleg skal sørgje for:

- a) at drift skjer på en teknisk forsvarlig måte slik at omsyn til arbeidstakar, nærliggjande bygningar og omgjevnadar elles vert ivaretatt,
- b) at drift av førekomsten skjer på en bærekraftig måte,
- c) at drifta til einkvar tid skjer etter en ajourført og godkjent driftsplan

1.6. Type uttak – uttaksmengde – fjellkvalitet

Uttaket består berre av fast fjell og bergtypen er vurdert til å vere diorittisk til granittisk gneis med god nok kvalitet til føremålet.

Det er estimert eit uttak på omlag 11 000 m³ fast fjell, men med moglegheit for uttak på intill 15 000 m³ med omsyn til usikkerheit. Uttaket vil skje over ein relativt kort tidsperiode med følgjande tidsplan

- oppstart juni/juli 2016
- sprenging og transport ferdig innan utgangen av 2016
- istandsetjing, arrondering, ferdigstilling avslutta innan 01.06.2017.

1.7. Godkjent løyve etter plan og bygningslova med bestemningar

Det føreligg på noverande tidspunkt ingen godkjende planar for dette uttaket, men ein søknad om å få ta ut massar er inne til handsaming hjå Leikanger kommune. Det vert søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen då uttaket ligg i LNF-område i denne planen.

1.8. Avtalar og rettar

Sognekraft har inngått avtale med grunneigar om uttak på inntil 15.000 m³ fast fjell, avtalen er vedlagt.

1.9. Driftsmetode

Under drift av masseuttaket skal skjeringar fortløpande vere sikra på forsvarleg måte med mellombels sikringsgjerde som vert etablert langs topp. Dette gjerdet skal minimum vere 1,3 meter høgt.

Ved avslutning av masseuttaket skal det etablerast permanent sikring med montering av solid flettverksgjerde langs heile toppen av skjeringa. Etablering av permanent sikring skal skje straks etter ferdigstilling av uttaket.

Uttaksetappar:

Uttaket er inndelt i tre etappar

1. Felling av tre oppå masseuttaket og på nedsida av vegen (der lausmassane skal plasserast). Avreinsking av jord, legging og arrondering av dette på nedsida av vegen.
2. Drift av masseuttaket. Tradisjonell sprenging av fjell i dagen.
3. Avslutningsarbeider (planering, arrondering og montering av gjerde).

Anlegg av fangdam – handtering av overflatevatn

Det er ikkje behov etablering av fangdam på dette anlegget sidan masseuttaket er lite. Det er heller ikkje behov for etablering av nye bekkeføre sidan det ikkje går noko bekk gjennom planlagt masseuttak. Det vil være behov for grøfting.

Sprenging: Sprenging skal skje etter godkjent sprengingsplan, med rutine for varsling. Dynamitt skal ikkje oppbevarast i masseuttaket, men fraktast inn på forsvarleg måte ved ladning/ sprenging.

Støy og støv: Avstand til nærmaste busetnad er vurdert så lang at det verken er problem med støy eller støv ved drift av dette masseuttaket.

2. Uttakskart og tverrsnittprofilar.

Uttakskart med tilhøyrande tverrprofilar ligg som vedlegg til denne planen.


3. Økonomisk sikring


Oppryddinga vil bestå i å planere området etter uttak og arrondere lausmassane som vert tekne av før sprenging. Sikringa vil bestå i å montere eit gjerde på toppen av skjeringa. Samla kostnad for desse tiltaka vil beløpe seg til i underkant 100 000 kroner. Sognekraft er ei solid bedrift (årsmelding vedlagt), og masseuttaket er lite og skal foregå over kort tid. Sognekraft føresler beløpet for økonomisk sikkerheit for sikring og opprydding til kr 0,-.

4. Avslutningsplan

Når drift av masseuttaket er ferdig, skal det bergoverflata reinskast og botn planerast slik at området kan nyttast til lagerplass av grunneigar. Dette vil stille noko strengare krav til overflatekontur av botnen av masseuttaket. Permanent sikring av skjering, med gjerde, er også ein del av arbeidet med ferdigstillinga. Gjerdet vert eit tilsynsobjekt innbakt i rutine for drift og vedlikehald av Grindsdal transformatorstasjon.

Ved reinsking av masseuttaket for lausmassar, skal desse massane samlast i eit deponi på vestsida av vegen. Ved ferdigstilling skal dette arealet arronderast og naturleg gro att/revegeterast.





Plantegning masseuttak Grindsdalen




Dato: 2016.04.29
Sign: A0

Ark A3






Målestokk
1:500

Profil 10




Profil 20





Dato 13.10.15	Konstr. KB	Tracet	Målestokk 1 : 200 ark A3	 JØSOK PROSJEKTAS	
Kontroll --	Godkjent --		Erstatning for:		Erstattet av:
Sognekraft Tverrprofiler Masseuttak Grindsdalen				1	
Henvisning:		Beregning:		Dak-kode: \\###\Alle tverrprofil.dwg	

Profil 30




Profil 40






Dato 13.10.15	Konstr. KB	Tracet	Målestokk 1 : 200	 JØSOK PROSJEKTAS
Kontroll --	Godkjent --		ark A3	
Sognekraft Tverrprofiler Masseuttak Grindsdalen				Erstatning for: 2
Erstattet av:		Dak-kode: \\###\Alle tverrprofil.dwg		

Profil 50






Profil 60




Dato 13.10.15	Konstr. KB	Tracet	Målestokk 1 : 200 ark A3	 JØSOK PROSJEKTAS
Kontroll ---	Godkjent ---		Erstatning for:	
Sognekraft Tverrprofil Masseuttak Grindsdalen				3
Henvisning:		Beregning:	Dak-kode: \\###\Alle tverrprofil.dwg	

Profil 70



Dato 13.10.15	Konstr. KB	Tracet	Målestokk 1 : 200 ark A3	 JØSOK PROSJEKTAS
Kontroll --	Godkjent --		Erstatning for:	
Sognekraft Tverrprofiler Masseuttak Grindsdalen				4
Henvisning:		Beregning:	Dak-kode: \\###\Alle tverrprofil.dwg	



Masseuttak Grindsdalen, 3d strekillustrasjon



Dato: 2016.04.29
Sign: AO